



## Innkalling for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 07.09.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
046/2017	Tilskot til idrettsanlegg 2017
047/2017	Rullering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
048/2017	Kulturminneplan - høyring
049/2017	Kulturprisen 2017
050/2017	Budsjettregulering haust 2017
051/2017	Innleiande drøfting økonomiplan 2018-21
052/2017	Kjøp av gnr 45 bnr 188, DPS bygget på Manger
053/2017	Kommunal garanti for lån - Aufera AS
054/2017	Krav om lovlegkontroll
055/2017	Overføring av vigselsrett frå tingretten til kommunane
056/2017	Salsøyve for Bunnpris Austmarka 2017-2020
057/2017	Søknad om forlenging av leigeavtale i Austmarka
058/2017	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

20. november 2017

Jon Askeland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/1182	17/7896

### Tilskot til idrettsanlegg 2017

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I Radøy kommune sitt budsjett for 2016 er det sett av kr 300.000,- til tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg i kommunen. I samsvar med retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune gjer formannskapet endeleg vedtak etter innstilling frå rådmannen og uttale frå idrettsrådet. Tilskotet vert fordelt utan føregående søknad etter fordelingsnøkkel.

#### Vurdering

Radøy Idrettsråd har i styremøte 1. juni 2017 drøfta saka og kome med tilråding om korleis midlane skal fordelast.

#### Idrettsrådet legg følgjande delingsnøkkel til grunn:

Hordabø IL	7,2
Radøy IL	4,9
Manger IL	2,3
Radøy skyttarlag	1,0
Sum vektal	15,4

Lag	Anlegg	Tilskot
Hordabø IL	Grasbane, kunstgrasbane, idrettshall, klubbhus m/garderobe	Kr 187 013
Radøy IL	Kunstgrasbane, grasbane, garderobe	Kr 127 273

Manger IL	Kunstgrasbane, klubbhus u/garderobe	Kr 59 740
Radøy skyttarlag	Klubbhus u/garderobe	kr 25 974

Rådmannen har ingen merknader til idrettslaget sitt forslag til fordeling av vedlikeholdsmidler.

### **Konklusjon**

Rådmannen støtter idrettsrådet sitt framlegg til fordeling av vedlikeholdsmidler til idrettsanlegg i kommunen.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune fordeler midlane til idrettsanlegg for 2017 som følger:

Hordabø IL	Kr 187 013
Radøy IL	Kr 127 273
Manger IL	Kr 59 740
Radøy skyttarlag	Kr 25 974

### **Vedlegg:**

Vedlikehalds-Anleggsmidler 2017

Radøy idrettsråd styremøte 01.06.2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/726	17/10233

### Rullering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøy kommune skal årleg rullera handlingsprogrammet for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Planen vart vedtatt i 2016 og handlingsplanen vert rullert for første gong i 2017.

Rulleringa av handlingsplanen har vore kunngjort i brev til lag og organisasjonar, på nettsida, på facebook og i lokalavisene. Det kom inn to innspel til rulleringa. Manger IL melder inn bocciabana på Manger som nytt nærmiljøanlegg og Nordhordland pistolklubb har gjeve melding om at utbygging av pistolanlegga ved skytebana i Haukåsen er aktuell for utbygging allereie i år og må flyttast opp frå langtidsprogrammet til prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg.

Idrettsrådet har delteke i møte og hatt saka til uttale.

#### Vurdering

##### Endringar i prioriteringsliste for ordinære anlegg

Sidan planen vart vedtatt i 2016 er det gjeve idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning på to ordinære anlegg som ikkje står i handlingsprogrammet. Dette gjeld rehabilitering av Radøyhallen med garderobar i Radøyhallen og nytt lager tilknytning til Radøyhallen. Desse anlegga er tatt inn i handlingsplanen.

Hordabø kunstgrasbane fekk siste utbetaling frå spelemidlane i vår, og vert tatt ut av lista for ordinære anlegg. Tilbygg/lager ved Skogen Sletta vert også tatt ut av prioriteringslista, då anlegget ikkje lenger er aktuelt for spelemidlar. Det er i staden sendt inn søknad til ordninga tilskot til lokale kulturbygg.

Toalettbygg ved Nesvatnet vert flytta lenger opp på lista over ordinære anlegg då oppstart er venta i

løpet av 2017.

Rådmannen foreslår at universelt utforma badeplass vert flytta frå langtidsprogrammet til den prioriterte lista over anlegg då dette er eit anlegg som er stort behov for i kommunen. Sjølve badeplassen vert ikkje omfatta av spelemiddelordninga, men ein kan få spelemidlar til baderampe for utkøyning av rullestolar.

#### Endringar i prioriteringsliste nærmiljøanlegg

Det er sidan planen vart vedtatt i 2016 gjeve idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning til tre nærmiljøanlegg som ikkje står i handlingsplanen. Dette gjeld klatreanlegget ved Sæbø skule, fleirbruksflate ved Sæbø skule og balanselina ved Radøy ungdomsskule. Desse anlegga vert tatt inn i handlingsplanen.

Klatreparken på Sæbø skule går ut, då anlegget har fått avslag på spelemidlar. Anlegga som er knytt til Skageneset (turstiar, grindverksbygg og fleirbruksflate) er også tatt ut av lista, då alle desse har fått tilsegn om spelemidlar.

#### Endringar i handlingsplan for aktivitet

Etter ynskje frå idrettsrådet er det lagt inn at kommunen skal vurdere gratis halltid i Radøyhallen for aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar som eit nytt punkt i handlingsplan for aktivitet. Ei slik vurdering kan gjerast i samband med budsjettet eller meldast opp som eiga sak til politisk handsaming.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune sin handlingsplan for for idrett-, friluftsliv- og nærmiljøanlegg 2018 – 2021 vert vedteke slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

handlingsplan 2017

Idrettsplan endeleg versjon

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
048/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1513	17/10414

### Kulturminneplan - høyring

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kulturminneplanen til Radøy kommune skal identifisera og prioritera dei viktigaste kulturminna i kommunen og leggja grunnlaget for kommunen sitt arbeid med kulturminne i planperioden. Denne saka gjeld å leggja utkast til kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 på høyring.

#### Vurdering

Det er eit ynskje frå Riksantikvaren å styrka kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne. Dei har difor definert ei målsetjing om at 90 % av kommunane skal ha ein kulturminneplan innan 2020. I tråd med dette er det stadig fleire statlege og fylkeskommunane tilskotsordningar som stiller krav om at kommunen har vedteke ein kulturminneplan og prioritert kulturminna i kommunen for at det skal løyvast tilskot til restaurering av kulturminne i kommunen. Riksantikvaren har gjeve tilskot til planarbeidet.

Kulturminneplanen inngår i kommunen sin planstrategi som vart vedtatt hausten 2012 (KS-079/12). I samsvar med planstrategien har kulturminneplanen status som temaplan. For at flest mogleg skal få høve til å koma med innspel i planprosessen, har planarbeidet i denne planen likeveld følgd prosesskrava i plan- og bygningslova som gjeld for kommunedelplanar.

I møte 14. oktober 2014 sak 062/2014 vedtok formannskapet oppstart av planarbeidet. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 29. januar 2015 i sak 009/2015.

Det har vore sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som har hatt ansvar for gjennomføring av planarbeidet. Formannskapet har vore styringsgruppe for planen. Kulturverntenesta i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune har bidratt med å skaffa data og kvalitetssikra opplysningar. Lag og organisasjonar og lokalkjende personar har også vore bidragsytarar og delteke på synfaringar. Arne Høyland har vore engasjert til kulturminneregistrering, og fleire frivillige har delteke med å registrera kulturminne. Planarbeidet har vore presentert for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for sogelaget og frivilligsentralen i løpet av prosessen. Det har vore arrangert to opne

kulturminnekveldar.

Målsetjingane for planen:

- leggja grunnlaget for at dei viktigaste kulturminna vert tatt vare på
- setja kulturminnevern på dagsordenen.
- skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning ved at den vert nytta i all arealplanlegging og byggesakshandsaming.
- skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne.
- auka kunnskapen om og interessa for kulturminne.
- synleggjera potensiale for bruk av kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga og til næringsføremål.
- gjennom viktige kulturminne formidla Radøy si historie på ein god måte.

I tråd med ynskje i styringsgruppa er det lagt særleg vekt på formidling, både i utforminga av planen og i tiltaksdelen i handlingsplanen.

Planutkastet har tre hovuddelar. Første del fortel om planen, planarbeidet, føringar som ligg til grunn for planen. Denne delen omhandlar også kriterium for verdisetjing og prioritering av kulturminne og om forvaltning av kulturminna i kommunen. Andre del gjev først eit kort overblikk over historia til kommunen og byggeskikken i området. Her vert også ein del viktige omgrep som vert nytta seinare i planen forklart. Vidare omhandlar denne delen ulike typar kulturminne etter tema, og ein presentasjon av dei kulturminna med høgast kulturminneverdi. Manger, som har vore administrasjonssenter i mange hundre år, er omhandla i eit eige kapittel i denne delen. Tredje del er handlingsplanen som viser korleis kommunen skal arbeida med kulturminnevern i åra framover og kva for tiltak som skal prioriterast i planperioden. Handlingsplanen skal rullerast årleg. Som vedlegg til planen er listene over dei viktigaste kulturminna. Desse listene vert kontinuerleg oppdaterte og rullerte årleg.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at formannskapet legg planen på høyring i seks veker frå kunngjeringsdato.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utkast til kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 22. oktober 2017.

## **Vedlegg:**

Heile planen\_til høyring

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
049/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/1632	17/10232

## Kulturprisen 2017

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøy kommune kan kvart år dela ut ein kulturpris for å heidra einskildpersonar eller organisasjonar som har lagt ned stort arbeid innan kulturfeltet, eller som har merka seg ut gjennom gode prestasjonar på nasjonalt nivå.

Kulturprisen har vore kunngjort gjennom kommunen sine annonsesider i Strilen, på nettsidene til kommunen, på kommunen si facebookside og i brev til lag og organisasjonar. Frist for å koma med framlegg til kandidatar er sett til 25. august.

Det er kome inn fire framlegg på kandidatar til kulturprisen innan fristen. Frå tidlegare år ligg det òg føre framlegg på kandidatar som ikkje har nådd opp.

#### Vurdering

Saka vert lagt fram til drøfting og avgjerd.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting og avgjerd.

#### Vedlegg:

Forslag - Martin Soltveit



Forslag - Frode Myking

Forslag - Bjørg Konglevoll Lunde og Grethe Helen Frotjold Valdersnes

Forslag - Åse Eriksen

Retningslinjer for tildeling av kulturprisen

Tidlegare framlegg som ikkje har nådd opp 2016

Tidlegare kulturprismottakarar

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
050/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/1186	17/10354

## Budsjettregulering haust 2017

### Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram sak om regulering av budsjettet for Radøy kommune for 2017. Reguleringa vert gjort med basis i skjema 1A og 1B for drifta, og 2B for investering.

### Drift

#### Skjema 1A (frie inntekter)

Det er trong for å gjera nokre endringar i vedteke budsjett for 2017. Først og fremst knyter dette seg til dei frie inntektene, jfr Fylkesmannen sitt budsjettbrev, dagsett 20.06.2017. Fylkesmannen legg til grunn at dei frie inntektene vert regulert i samsvar med nyaste inntektsprognose. Etter denne prognosen vert dei frie inntektene i form av **skatt og rammetilskot** redusert i høve til vedteke budsjett. Denne reduksjonen er samansett av fleire element.

I vedteke budsjett var det lagt til grunn tal som var kjende då formannskapet handsama budsjettet. Ved rådmannen sin presentasjonen i budsjettmøtet i kommunestyret i desember, vart det vist til ein del endra tal og føresetnader, men desse var ikkje sikre på dette tidpunktet. Kommunestyret vedtok såleis budsjettet basert på inntektstala som var lagt fram for formannskapet. Først i juni/juli 2017 vart dei endelege tala for rammetilskot 2017 kjende. Det reine innbyggjartilskotet ligg i utgangspunktet fast, men det er fleire andre element som endrar seg.

Særskilt tilskot til kommunar som sler seg saman, gav Radøy kr 2.284.000. I vedteke budsjett var det lagt til grunn at dette kunne bli 3,3 mill.

Det såkalla regionsentertilskotet vart kr 451.000, men var ikkje teke med i vedteke budsjett. Endringar som følgje av budsjettavtalen i Stortinget i desember gav ein reduksjon i rammetilskotet på kr 408.000, medan revidert nasjonalbudsjett i juni gav kr 294.000 i auka rammetilskot. Den siste endringa er knytt til fleire barnehagelærarar, auka inntektsgrense og gratis kjernetid i barnehagane og kompensasjon for endringar i skatte- og avgiftsreglane.

Inntektsutjamninga er også ein del av rammetilskotet, men tek utgangspunkt i skatteinngangen. I vedteke budsjett var det lagt til grunn nullvekst i skatteinngangen for Radøy, men ut frå faktisk

skatteinngang så langt i år, meiner rådmannen at det er realistisk å leggja til grunn ein auke på 1,2%. Det meste av denne auken vert trekt gjennom redusert inntektsutjamning.

I høve til vedteke budsjett aukar såleis skatteinngangen med 1,9 mill, medan rammetilskot, inkl inntektsutjamning vert redusert med kr 2.539.000. Samla gir dette redusert skatt og rammetilskot kr 639.000.

**Eigedomsskatten** var i budsjettet føresett auka med om lag kr 700.000 i høve til nivået i 2016, som følgje av ferdigstilt 420kV line Kollnes – Mongstad. Framlegget var basert på førehandsvurdering gjort i januar 2016. Ved endeleg taksering i januar 2017, synte det seg at totalkostnaden ved anlegget vart litt lågare enn estimert, men Radøy sin del av anlegget var vesentleg større enn estimert. Samla eigedomsskatt for 2017 vert såleis om lag 2,1 mill høgare enn budsjettet.

**Aksjeutbytte frå BKK** var budsjettet til 2,96 mill., men BKK betalte ut eit samla utbytte på 505 mill, noko som gav Radøy kr 3.733.000, dvs ein auke på kr 773.000 iht budsjett.

**Renteinntekter** av bankinnskot vert høgare enn føresett. Våren 2017 vart det forhandla fram ny bankavtale for perioden 2017-19. I ny avtale måtte vi akseptera vesentleg reduksjon i rentenivået på innskot, men renta ligg likevel på eit akseptabelt nivå. I budsjettet vart det lagt eit svært forsiktig anslag på rente, men basert på noverande nivå, reknar rådmannen med ein auke på kr 300.000 i renteinntekter i 2017.

**Avdragskostnader** må aukast noko iht budsjett for å oppfylla kommunelova sine krav til minsteavdrag. Ei eksakt utrekning basert på vekta levetid av anleggsmidlane pr 1.1.2017 syner at vi må betala om lag kr 300.000 meir enn tidlegare føresett.

**Statleg vedlikehaldstilskot** var lagt inn i budsjettet med kr 911.000 og var skjønsmessig fordelt på sektorane. I skjema 1A som følgjer denne saka er tilskotet lagt inn i skjema 1A for å syna endringa. I revidert nasjonalbudsjett kom det ytterlegare midlar til slike tiltak, slik at vi samla sett har fått kr 1.995.000,-. Fordeling på einingar, evt investering er enno ikkje gjort, men rådmannen legg til grunn at alle midlane vert nytta i løpet av 2017. Dette fører ikkje til endring av netto ramme, og rådmannen ber om fullmakt til å fordela midlane på sektorane.

### **Skjema 1B (drift)**

I skjema 1B vert endringar gjort på sektornivå. Endringar som berre vedrører omfordeling innan same sektor vert gjort av rådmannen. I saksutgreiinga vil likevel nokre slike omfordelingar bli kommentert.

**Stab og fellestenester.** Endringa her skriv seg i all hovudsak frå ei rein flytting av lønsmidlar frå legesenteret til rådmannsstaben, knytt til kommuneoverlegen. Auken her utgjer om lag kr 690.000,- og kjem att som ei tilsvarande «innsparing» på Helse og omsorg.

Pensjonskostnaden til KLP aukar med om lag 104.000 innan Stab og fellestenester. I tillegg gjer rådmannen framlegg om at ordføraren sin «gåvekonto» vert auka med kr 50.000.

Det er gjort ein del administrative omfordelingar, mellom anna auka lønskostnader løn og rekneskap knytt til etablering av felles løn og rekneskapskontor, dekkja med tilsvarande bruk av fondsmidlar til omstilling. Auka løn tillitsvalde, som følgje av auka stillingsstorleik for ny hovudtillitsvald, er dekkja inn gjennom innsparing på løn i rådmannsstaben i slutten av året. Framlegg til netto auke ramme for Stab og fellestenester blir såleis kr 898.832,-.

**Oppvekst.** Innan oppvekst er det først og fremst barnehagane som får tildelt meir lønsmidlar, samla

ca 2,4 mill. Dette omfattar auka pedagogisk innsats i barnehagane frå hausten 2017, konsekvens av ny avdeling i Prestmarka og korrigeringar som følgje av feilrekna budsjetttrammer, først og fremst i Bø barnehage. Noko av auken i pensjonskostnaden vert også tillagt barnehagane, om lag kr 240.000. Samstundes har kommunen for første kvartal 2017 motteke om lag 4 mill tilskot til vaksenopplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarakar. Dette er dobbelt så mykje som forventta tilskot for heile året. Vi har ikkje fått tilskot for andre eller tredje kvartal, og det er difor usikkert kor mykje vi får totalt sett. Rådmannen legg til grunn at vi får behalda det meste av det vi har fått så langt, og at vi samla får om lag 2 mill meir enn budsjett.

Innkjøp av undervisningsmateriell i samsvar med avsett fond er i full gong, men rådmannen har førebels ikkje fullt oversyn over bruken.

Framlegg til netto utvida budsjetttramme for oppvekst blir kr 664.000,-. Rådmannen vil understreka at endringane innan oppvekst vil få svært stor innverknad på budsjettet for neste år, dvs 2018. Den ekstra pårekna inntekta på 2 mill fell bort, og endringane i barnehagane gir årsverknad på om lag 2 mill. Kostnadene innan oppvekst aukar såleis om lag 4 mill neste år, i tillegg til «normal» vekst i kostnadsnivået.

**Helse og omsorg** «avgjer» lønsmidlar om lag kr 690.000 til Stab og fellestenester, jf merknader ovanfor. Den viktigaste endringa elles er at det meste av reinhaldet ved Velferdssenteret skal utførast av reinhaldsavdelinga frå i haust, og lønsmidlar vert overført frå Velferdssenteret til reinhald. Dette utgjer om lag 250.000 for 2017.

Radøy kommune har også slutta seg til eit interkommunalt samarbeid om kreftkoordinator, og kostnadene ved dette vert kr 44.000 for 2017. Dette har ikkje vore med i budsjettgrunlaget tidlegare.

Ein del av auken i pensjonskostnader, kr 61.000 vert også belasta helse og omsorg.

Som ein del av førebuingane til bygging av ny kommune, vert det mellom anna arbeidd med integrasjon av IKT-løysingar i Radøy kommune, og innan omsorg det vert nytta om lag 90.000 av avsette midlar til slike tiltak i 2017. Dette påverkar ikkje netto ramme.

Framlegg til netto redusert budsjetttramme i helse og omsorg blir kr 830.826.

**Drift og forvaltning.** Reinhaldsavdelinga vert tilført om lag kr 300.000 i lønsmidlar, av dette kr 250.000 henta frå Velferdssenteret, jf merknadene ovanfor. Kr 50.000 gjeld ekstra reinhaldsoppdrag, nedvask av kommunale bygg og utvida vask ved Solhall. I tillegg vert avdelinga tilført kr 20.000 til reinhaldsmidlar. Stillinga som brannsjef må utvidast frå noverande 25% til 50% frå 1.9 som tilpassing til faktisk ressursbruk fram mot felles brannvern for Lindås, Meland og Radøy. Årsverknad av dette er om lag kr 57.000. Rådmannen ser denne kostnaden i samanheng med ny kommune, og rår til å henta tilsvarende midlar frå omstillingsfond.

Det er krav til auka kompetanse hos brannmannskapet, og fleire personar gjennomfører kurs i 2017. Kostnadene ved dette er rekna til om lag kr 194.000. I budsjettdokumentet for 2017 vart det også varsla at det kunne koma slike kostnader.

Ved løn- og rekneskapskontoret vert det tilført midlar i samband med etablering av nytt felles løns- og rekneskapskontor frå 1.8.2018. For 2017 er meirkostnad rekna til kr 210.000, og rådmannen går inn for å henta desse midlane frå omstillingsfondet.

Det vert også arbeidd med delrevisjon av kommuneplanen iht spreidd busetnad i LNF-område.

Rådmannen vil nytta kr 250.000 til dette arbeidet, henta frå omstillingsmidlar.

Framlegg til netto utvida budsjetttramme til Drift og forvaltning blir kr 518.211.

Samla verknad av endringane blir ei netto innsparing i drifta på ca kr 984.000 for 2017, sjå skjema 1a nedanfor. Rådmannen vil understreka at det tilsynelatande handlingsrommet dette gir kommunen i 2017, ikkje vert vidareført i 2018, men kan bli erstatta av trong for innsparingar i drifta.

Ramme for drifta (skjema 1a)	Rekneskap			Budsjett- regulering	Budsjett regulert
	juli 2017	Budsjett 2017	%		
Skatt på inntekt og formue	72 270 870	115 272 000	62,7 %	1 900 000	117 172 000
Rammetilskot	112 733 969	166 740 000	67,6 %	-2 539 000	164 201 000
Eigedomsskatt	10 127 734	13 021 000	77,8 %	2 100 000	15 121 000
Generelle statstilskot	8 247 750	11 715 000	70,4 %		11 715 000
Renteinntekter og utbytte	4 530 216	3 815 000	118,7 %	1 073 000	4 888 000
Renteutgifter	3 049 694	6 579 000	46,4 %		6 579 000
Avdragsutgifter	5 049 930	8 624 000	58,6 %	300 000	8 924 000
<i>Statleg vedlikehaldstilskot</i>	<i>1 995 000</i>	<i>911 000</i>	<i>219,0 %</i>		
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>201 805 915</b>	<b>296 271 000</b>	<b>68,1 %</b>	<b>2 234 000</b>	<b>297 594 000</b>
<b>Drift (skjema 1b) inkl fond</b>					
Stab og fellestenester	12 169 696	19 657 075	61,9 %	898 832	20 555 907
Oppvekst	58 805 079	113 285 399	51,9 %	664 000	113 949 399
Helse og omsorg	76 729 382	127 879 668	60,0 %	-830 826	127 048 842
Drift og forvaltning	17 594 034	31 171 153	56,4 %	518 211	31 689 364
<b>Sum drift</b>	<b>165 298 191</b>	<b>291 993 295</b>	<b>56,6 %</b>	<b>1 250 217</b>	<b>293 243 512</b>
<b>Netto</b>	<b>36 507 724</b>	<b>4 277 705</b>		<b>983 783</b>	<b>4 350 488</b>

## Investering

I det følgjande vert det berre kommentert investeringsprosjekt der ein no anten kjenner konkrete overskrindingar eller andre vesentlege tilhøve som påverkar budsjetttrammene. Status i dei einskilde prosjekta vert heller ikkje kommenterte, dette kjem rådmannen attende til i neste tertalmelding.

Ved **Manger skule** er det utført omfattande oppgraderingsarbeid. I budsjettet for 2017 var det føresett at heile løyvinga å 2,5 mill i 2016 vart nytta, og at den totale kostnadsramma på 5 mill skulle fordelast mellom 2016 og 2017. Men arbeidet kom seint i gong i 2016, og det vart berre brukt om lag 612.000 av ei løyving på 2,5 mill. Dermed er det løyvd 1,9 mill for lite i 2017, og rådmannen ber om rebudsjettering av desse 1,9 mill, slik at samla budsjettamme i 2017 blir 4,4 mill.

**Bø barnehage, nybygg.** Her er det utarbeidd anbudsdokument, men det manglar enno ein del avklåringar før utlysing kan gjerast. Oppstart vert truleg seint i 2017 eller tidleg i 2018. Løyvinga på 30 mill vil under ingen omstende bli brukt i 2017. I sak om kjøp av DPS-bygget har rådmannen gjort framlegg om å henta kr 2.913.000 frå løyvinga til Bø barnehage. Rådmannen ber om at ramma vert ytterlegare redusert med 1,9 mill i 2017, til dekking av rebudsjettering Manger skule.

Dette gir følgjande skjema 2B:

Investering skjema 2B		-
Manger skule, rebudsjettering		1 900 000
Bø barnehage, redusert ramme		-1 900 000
<b>Netto endring</b>		<b>-</b>

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjettet for 2017 vert regulert i samsvar med rådmannen si utgreiing og skjema 1A, 1B og 2B nedanfor.



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1032	17/10353

### Innleiande drøfting økonomiplan 2018-21

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Rådmannen legg i møtet fram oppdatert grunnlagsinformasjon knytt til økonomiplan 2018-21, for generell drøfting.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/409	17/10335

### Kjøp av gnr 45 bnr 188, DPS bygget på Manger

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det som i dag vert kalla DPS-bygget på Manger vart bygd av Hordaland fylkeskommune, og vart teke i bruk i 1985 som kombinert sjukeheim og psykiatrisk institusjon, då kalla Radøy sjukeheim. Bygget og drifta vart seinare overført til Helse Bergen, som eig bygget i dag.

Helse Bergen har for lengst avvikla all drift i bygget, og ønskjer å selja eigedomen. Det vart i 2012 utarbeidd ein omfattande tilstandsrapport som gjekk nøye gjennom bygget. Hovudkonklusjonen i rapporten var at bygget på dette tidspunktet var i god stand, særleg når ein tok omsyn til alderen. Det var likevel nokre mindre tiltak som «burde vurderast». Teknisk verdi vart sett til 56,4 mill utan tomt, medan salsverdien den gong vart sett til 35 mill, medrekna tomt.

Hausten 2012 forhandla Radøy kommune med Helse Bergen om kjøp av DPS-bygget. Formannskapet hadde saka til handsaming i lukka møte 18.10.2012. Det var semje om at kommunen ønskte å kjøpa bygget, men at prisen Helse Bergen krov var for høg. I sak 114/12 gjorde såleis formannskapet følgjande vedtak: «Radøy kommune tek kontakt med Helse Bergen for vidare drøftingar kring ei mogeleg overtaking av DPS-bygget på Manger». Den vidare kontakten synta at avstanden var for stor mellom prisforlangande frå Helse Bergen og det Radøy kommune kunne akseptera som pris på bygget. Ein kom såleis ikkje til semje om nokon kjøpesum.

Etter dette var det stille kring saka om kjøp av DPS-bygget i fleire år. Tidleg i 2017 tok rådmannen opp att kontakten med Helse Bergen. Det vart halde eit nytt møte, der ein såg at avstanden mellom partane hadde minka mykje. Formannskapet vart orientert om den nye situasjonen, og det var deretter vidare forhandlingar om pris. Etter fleire rundar vart det semje om ein pris på 12,5 mill. for bygget. Dokumentavgift 2,5% og tinglysningsgebyr kjem i tillegg, slik at samla kostnad for kjøp av eigedomen blir kr 12.813.025,-.

Basert på saksutgreiinga frå 2012, kommunen sitt noverande behov for lokale og tilbakemeldingar frå



formannskapet våren 2017, vurderer rådmannen prisen som akseptabel.

Bygget er over 30 år gammalt, og det vil krevja betydelege investeringar for å få bygget funksjonelt og modernisert. Omfanget og kostnadene ved dette kjem rådmannen attende til i eiga sak.

Frå overtakingstidspunktet vil kommunen spara leigekostnader til Helse Bergen, men det kjem også på kostnader til drift og vedlikehald av bygget, i tillegg til kapitalkostnader knytt til både kjøp og framtidige oppgraderingar. Dette vert lagt inn i økonomiplanen.

### **Finansiering**

Kjøp av bygget er ikkje med i investeringsbudsjettet for 2017. Det er vedteke låneopptak på 63,7 mill i 2017, og rådmannen meiner at kommunen bør unngå ytterlegare låneopptak i 2017.

Finansiering utan låneopptak kan løysast på følgjande måte:

- Motteken refusjon frå Hordaland fylkeskommune for utbetring FV 409: kr 2.500.000
- Høgare unytta lånemidlar frå 2016 enn budsjettet: 7.400.000
- Redusert løyving til ny barnehage på Bø: kr 2.913.000

Refusjon utbetring FV 409 er midlar Radøy kommune forskotterte i 2003-2005 i samband med utbetring av vegen Lundsåsen – Manger. Refusjonen er kort og godt utegløymt i budsjettet for 2017.

Unytta lånemidlar frå 2016 var i budsjettet føreset til 9,1 mill, men rekneskapen for 2016 synte nær 16,6 mill. Differansen kan såleis nyttast som lånefinansiering i 2017.

Prosessen med bygging av ny barnehage på Bø går sin gang, men det er ikkje realistisk å bruka alle dei løyvde 30 mill i 2017. Rådmannen ber difor om at løyvinga i 2017 vert redusert med kr 2.913.000. Den reduserte løyvinga i 2017 vil måtta koma att som auka løyving i budsjettet for 2018.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune kjøper eigedomen gnr 45 bnr 188 (DPS-bygget) frå Helse Bergen for avtalt kjøpesum kr 12,5 mill + dokumentavgift og tinglysingsgebyr, til saman kr 12.813.025,-. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp.

Finansiering:

Refusjon Hordaland fylkeskommune kr 2.500.000

Bruk av unytta lånemidlar: kr 7.400.000

Redusert løyving til Bø barnehage i 2017: kr 2.913.000



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1695	17/10477

### Kommunal garanti for lån - Aufera AS

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det ligg føre søknad frå Aufera AS om kommunal garanti for overtaking av nye lokale på Manger kai, tidlegare Manger Fiskemat. Salssum på det aktuelle bygget er sett til 5 mill, men seljar har samstundes sagt seg viljug til å overta Auferahuset i Mangersnesvegen 72 for kr 2,5 mill. Netto kjøpesum er såleis 2,5 mill. Bygget på kaien har stått tomt nokre år, og det må gjerast ein del oppgraderingsarbeid for å få bygget tenleg. Det er lagt til grunn 1 mill i oppgraderingskostnader. Aufera AS ønskjer såleis å låna 3,5 mill, og søkjer om kommunal garanti for dette.

##### Vurdering

Aufera AS er eit fullt ut kommunalt eigd aksjeselskap, med Austrheim, Fedje og Radøy som aksjonærar. Selskapet er ei godkjend VTA-verksemd. Rådmannen er kjent med at Aufera har for lite plass i noverande bygg, og det har ikkje vore rom for utvida produksjon. Med nye lokale kan ein både utvida kapasiteten og produktspekteret.

Det ligg ikkje føre kostnadsoverslag på oppgraderinga, og det ligg heller ikkje føre analysar eller budsjett for drift og finansiering i nye lokale.

Når Aufera AS likevel søkjer om kommunal garanti, ser rådmannen dette i samanheng med at både styret og generalforsamlinga har uttrykt klår støtte til å kjøpa bygget. Rådmannen vurderer såleis overtaking av bygget på Manger kai først og fremst som ei «politisk» sak.

Rådmannen vil påpeika at ein kommunal garanti utgjer ein viss risiko, men vurderer denne totalt sett som akseptabel.

I samband med tidlegare sak om garanti for 2 mill, er det inngått avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstatert tap som følgje av garantien. Rådmannen føreset at denne avtalen vert utvida med 3,5 mill.

Rådmannen føreset også at Radøy kommune får tinglyst pant i det nye bygget for all garanti som er

stilt, dvs 5,5 mill.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av eigedom på Manger kai, tidlegare Manger fiskemat.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	17/1240	17/9816

### Krav om lovlegkontroll

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Formannskapet i Radøy fatta 01.06.17 følgjande vedtak i sak 036/2017:

*Det vert løyvd kr 100 000 frå Nærings- og infrastrukturfondet for å dekke ekstra kostnader knytt til trafo og straumframføring for søkar.*

Søknaden om støtte frå næringsfondet til framføring av straum til driftsbygning vart fremma ved brev datert 30.03.17.

I epost 20.06.17 til Fylkesmannen i Hordaland blei det fremma krav om lovlegkontroll av vedtak 036/2017 med ønskje om at følgjande forhold vert vurdert:

1. *Om tildelingen av midler fra næringsfondet, er i tråd med retningslinjer for "kommunalt næringsfond (offentliggjort på kommunens hjemmeside, oppdatert 30.11.2015), og tidligere formanskapsvedtak.*
2. *Det bes også om kontroll om tildelingen bryter med det etiske regelverk (vedtatt av Radøy kommunestyre 2009).*

*Det stilles særlig spørsmål ved følgende punkter:*

A. "1 Lojalitet"

B. "2 Mynde"

C. " Interessekonflikt" (herunder med vekt på siste kulepunkt)

Nærare grunngeving for klagen følgjer av vedlagte krav om lovlegkontroll.

Fylkesmannen i Hordaland sendte ved epost 26.06.17 saka over til kommunen til førebuande handsaming av kravet i medhald av kommunelova § 59 nr. 2

Etter kommunelova § 59 nr. 4 skal krav om lovlegkontroll framsetjast for det organ som har fatta avgjerda. Ved lovlegkontroll skal det etter § 52 nr. 4 «tas stilling til om avgjerda

- a. *Er innholdsmessig lovleg*
- b. *Er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse*
- c. *Er blitt til på lovlig måte»*

### **Vurdering**

Det er formannskapet i Radøy som vedtar tildeling av midlar frå næringsfondet. I kravet til lovlegkontroll er det ikkje imøtegått at formannskapet har slik mynde til å fatta vedtak om bruk av næringsfondet. Det er derimot framført at tildelinga ikkje er i tråd med retningslinjene for tildeling av fondsmidlar.

Formannskapet har i sak 033/2012 gitt prioriteringa for bruk av næringsmidlane som er tildelt i budsjett:

*(...) Midlane til næringsføremål skal framleis nyttast primært til infrastrukturiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Det vert likevel gjeve opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingstiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon.*

I den administrative saksframstillinga til formannskapet si handsaming 01.06.17 er føringa for prioritering gjengitt og vurdert:

*Midlane skal primært nyttast til infrastrukturiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Søknaden gjeld i dette tilfellet støtte for å redusera søkar sine ekstrakostnader knytt til ny trafo og linjeframføring til den nye driftsbygninga. Rådmannen vurderer ny trafo som eit infrastrukturiltak som styrkar straumforsyninga i området. Tiltaket vil derfor innebera ei styrking av kapasitet og leveringsstabilitet for fleire bruk og aktørar, i eit område med landbruksdrift i kommunen. Ei satsing på framtidretta robotdrift og driftsbygning i landbruket, kan gi ringverknader for anna næringsliv, og også bidra positivt i eit omdømmeperspektiv.*

*I saksutgreiinga i sak 033/12 vert det vist til at tilskot til enkeltverksemder normalt fell utanfor tilskotsordninga. I dette tilfellet er det behov hjå ei enkelt verksemd som medfører at det vert etablert ny trafo i det aktuelle området. Søkar finansierer tiltaket som er ein føresetnad for drifta, medan resultatet inneber ei styrking av infrastruktur for større område. På denne bakgrunn meiner rådmannen at det kan vera rom for å tildela midlar frå nærings- og*

*infrastrukturfondet, trass i at midlane berre unntaksvi skal nyttast til enkeltverksemdar.*

Det går fram av protokollen for formannskapet at saka vart drøfta knytt til føringar for prioritering før vedtak:

*Rådmann Jarle Landås peika på at administrasjonen vurderer ny trafo som eit infrastrukturtiltak som styrkar straumforsyning og leveringsstabilitet for fleire bruk og aktørar, i eit område med landbruksdrift, og at dette burde gått klarare fram i saksutgreiinga.*

*Kenneth Taule Murberg (H) meiner grunnlaget for å gje tilskot frå næringsfondet er for tynt dokumentert. Han viste til at det ikkje er i tråd med praksis å gje tilskot frå fondet til enkeltføretak. Han fryktar at tilskot til dette tiltaket vil skapa presedens.*

Taule Murberg sette fram følgjande framlegg:

*Det vert etablert eit landbruksfond med t.d. 400 000 kroner frå næringsfondet, der aktuelle søknader om tilskot til landbruksføremål vert prioritert. Det vert utarbeidd retningsliner for eit landbruksfond.*

*Ordførar Jon Askeland og fleirtalet i formannskapet legg vekt på at kraftselskapet påfører heile kostnaden på den aktøren som utløyser eit behov for større trafo. Han peika på at andre også vil ha nytte av større kapasitet i straumforsyninga, og at dette handlar om eit infrastrukturtiltak som kjem også andre aktørar i lokalsamfunnet til gode.*

*Fleirtalet i formannskapet vil innvilga søknaden om tilskot, og samtidig be rådmannen koma tilbake med ei utgreiing om bruk av næringsfondet knytt til infrastruktur i landbruket.*

*Kenneth Taule Murberg gjorde det klart at han trekkjer framlegget sitt og vil røysta i mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.*

*Formannskapet vedtok mot 1 røyst (Kenneth Taule Murberg, H) rådmannen sitt framlegg til vedtak.*

Søknad om støtte frå næringsfondet er sendt kommunen etter at tiltaket det søkes om kostnadsdekning for er gjennomført. Det er ikkje noke krav for tildeling av midlar at søknad er sendt før tiltaket er iverksett.

Det er ikkje kjent at der føreligger saker som er handsama på annan måte enn føreliggande på ein slik måte at det er brudd på likehandsamingsprinsippet. Det er ikkje haldepunkt for at andre samanliknbare saker er handsama på ein slik måte at det er brot på likehandsamingsprinsippet eller det føreligg utanforliggende omsyn som har vore førande for vedtaket i formannskapet.

### **Konklusjon**

Vedtaket vurderast slik at det er innhaldsmessig lovleg, er treft etter mynde og er blitt til på ein lovleg måte. Det føreligg derfor grunnlag for å oppretthalda vedtaket og senda saka til vurdering hjå fylkesmannen, jf. Kommunelova § 59 nr. 2.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtak av 036/2017 vert oppretthalde. Krav om lovlegkontroll vert sendt til fylkesmannen til handsaming.

**Vedlegg:**

Krav om legalitetskontroll (L)(132070)

Oversender krav - Radøy - Lovlighetskontroll - Tildeling av midler fra (L)(132820)

Oversending av motteke krav om lovlegkontroll - Radøy - Tildeling av midler fra (L)(132819)

Kommunalt næringsfond (L)(132072)

Etiske retningsliner (L)(132067)



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	17/1437	17/9979

### Overføring av vigselfrett frå tingretten til kommunane

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Stortinget har vedteke endringar i ekteskapslova, som inneber at ansvaret for gjennomføring av borgarleg vigsel vert overført frå tingretten til kommunane. Det er ikkje fastsett endeleg dato for når lovendringa skal tre i kraft, men Barne- og likestillingsdepartementet legg opp til at det skal gjennomførast frå 1. januar 2018.

Lovendringa inneber at vigselfmynde vert overført til ordførarar, varaordførarar, kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret sjølv gir slikt mynde.

Kommunane må vera klare til å ta på seg oppgåva med borgarleg vigsel frå dei nye reglane trer i kraft. Departementet oppmodar kommunane til å starta førebuingane med å tilrettelegga for kvar og når inngåing av ekteskap kan finna stad. I lovproposisjonen vert det peika på at kommunen sitt tilbod skal vera godt og tilgjengeleg, og at kommunen legg til rette for den seremonielle karakter som ei vigself skal ha.

Med endringa av ekteskapslova får kommunane ei lovfesta plikt til å ha eit kommunalt vigselfstilbod for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busette i Norge. Denne tenesta skal vera gratis. Dersom kommunen i tillegg opnar for at vigsler kan skje utanfor kommunen sine ordinære lokale, eller for brudefolk som ikkje er busette i kommunen, kan kommunen krevja å få dekkja meirkostnaden med dette.

Det borgarlege vigsselfformularet, som er ein tekst som vigsler les under seremonien, skal nyttast ved gjennomføring av borgarlege vigsler, jf. ekteskapsloven § 15. Vigsselfformularet er fastsett ved kgl. res 18. desember 1992. Det er også rom for å tilpassa seremonien med t.d. tekst og musikk utover dette, dersom brudeparet ønskjer det.

#### Vurdering

Ordføreren og varaordføreren har etter lova delegert mynde til å vigsla. Ordfører og varaordfører vil ikkje alltid vera tilgjengeleg for slike oppdrag, eller det kan føreligga andre grunnar som gjer dette vanskeleg å gjennomføra. Rådmannen meiner difor det er gode grunnar til at mynde til å gjennomføra vigsel blir delegert til fleire, slik lova opnar for. Det vil vera naturleg at rådmannen får delegert vigselmynde, og at han kan delegera dette myndet vidare til andre i administrasjonen.

Bruk av eigna lokale kan vera viktig for korleis ein vigselsseremoni blir oppfatta. I lovarbeidet til endringa i ekteskapslova har departementet lagt til grunn at kommunane har rådhus eller andre eigna lokale som kan gjerast tilgjengeleg for borgarleg vigsel.

I Radøy vil rådhuset kunne brukast til slike seremoniar, men rådmannen meiner Tingstova på Manger også vil vera ein god og veileigna stad for vigslar. Rådmannen arbeidar vidare med Tingstova som eitt av fleire aktuelle lokale for gjennomføring av vigsel.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret gir rådmannen delegert mynde til å gjennomføra kommunal vigsel, og til å delegera vigselmynde til andre.

Tingstova er ein veileigna stad for vigslar. Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med aktuelle stader og til å peika ut kva lokale som kan brukast.

#### **Vedlegg:**

Informasjon om endringer i ekteskapsloven(1) (L)(133801)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	17/1420	17/9614

## Salsløyve for Bunnpris Austmarka 2017-2020

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

### Ny søknad om salsløyve grunna eigarskifte for Austmarka Mat AS

Radøy kommune vart den 29.06.2017 orientert om at Bunnpris Austmarka vert franciceverksemd frå 01.07.2017. Ny eigar vert då Austmarka Mat ved Christian Næss. Austmarka Mat AS har adresse Søre Austmarka 9.

Bunnpris Austmarka har tidlegare hatt salsløyve under annan eigar. Fram til 31.06.2017 var Christian Næss styrar for salsløyvet til Bunnpris Austmarka og stadfortreder var May Sissel Hopsdal. Desse vil ha dei same rollene under ny eigar. Dei har begge bestått kunnskapsprøva etter alkohollova.

Alkohollova §1-10 vil gjelda i dette tilfellet:

*«Bevillingen faller bort ved overdragelse av virksomheten. Det samme gjelder ved overdragelse av alle eller en dominerende andel av aksjene eller andelene i et selskap som eier slik virksomhet. Virksomheten kan likevel fortsette på den tidligere bevilling i inntil tre måneder, så fremt bevillingsmyndigheten er underrettet om dette og det søkes om ny bevilling uten ugrunnet opphold, og senest innen 30 dager, etter overdragelsen. Dersom søknad om ny bevilling ikke er endelig avgjort av kommunen innen tre måneder, kan kommunen gi tillatelse til at det drives videre på den tidligere bevilling i inntil ytterligere en måned. Alkoholholdig drikk som inngår i varebeholdningen, kan overdras sammen med virksomheten etter forskrifter gitt av departementet».*

Då dette er ei overdraging har dei sendt ny søknad, og denne vart sendt inn så snart Radøy kommune gjorde dei kjent med prosessen. På grunnlag av §1-10 i alkohollova (klypt ut over) driv Austmarka Mat AS vidare på salsløyvet til Bunnpris Austmarka frå 01.07.2017.

Christian Næss ved Austmarka Mat AS har søkt om salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 frå 01.07.2017.

Christian Næss vil vera styrar for salsløyvet og May Sissel Hopsdal stadfortreder. Varesortementet er

daglegvarer.

Opningstida vil vera frå kl. 07.00 til kl. 21.00 på kvardagar og frå kl.09.00 til kl.20.00 på laurdagar. Ønska salstid for alkohol er frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar og frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar.

### **Vurdering**

Politiet, skattevesenet og NAV har hatt saka om salsløyvet til høyring. Ingen merknadar kom inn på verksemda eller dei ansvarlege for løyvet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-5, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-7, 3-9 gjev kommunestyret salsløyve til Austmarka Mat AS, org.nr. 919076739. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 01.07.2017 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bunnpris Austmarka, Søre Austmarka 9, 5938 Sæbøvågen.
4. Styrar for løyvet er Christian Næss med May Sissel Hopsdal som stadfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

### **Vedlegg:**

Søknad om salsløyve

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Einar Færø	17/1658	17/10416

### Søknad om forlenging av leigeavtale i Austmarka

#### Saksopplysingar:

Bakgrunn

Vedkomande gnr 79, bnr 42 Søre Austmarka 81 - Vidareføring av leigeavtale som gjeld leige av friareal i Austmarka.

I samband med salgsoppdrag har meklar på vegne av heimelshavarane av gnr 79, bnr 42 utarbeidd søknad om vidare leige for bruk av friareal i Austmarka. Søknaden er signert av heimelshavarane.

Det vert søkt om fornying av avtalen som første gong vart teikna i 1994 og gjekk ut i 2014. Leigeavtalen vart inngått for 20 år med høve til forlenging. Årleg leigesum vart sett til kr 250,- for dei første 10 åra og kr 300,- for dei siste 10 åra.

Bygningsrådet gjorde i møte 27.04.94, sak 26/94, slikt vedtak:

*Bygningsrådet ser på denne saka som ei mindre reguleringsendring og gjer vedtak om at det vert gjeve løyve til å byggja ei bryggje m/ tilkomstveg i friarealet, bustadfelt Austmarka. Bygningsrådet set som vilkår for løyvet, at det omsøkte tiltaket ikkje må hindra eller vanskeleggjera bruken av det øvrige området til friareal. Bygningsrådet rår formannskapet /kommunestyret til at det vert inngått leigeavtale med høve til forlenging. Bygningsrådet har det syn at det bør betalast ei årløeg leige for arealet og rår til ein årleg leigesum på kr 100,-*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

*Det vert inngått leigeavtale mellom Radøy kommune og Inge Landsvik, eigar av tomt nr. 3 i Austmarka, i samband med at bygningsrådet har gjeve høve til at Inge Landsvik får byggja bryggje m/ tilkomstveg i friareal ved tomt nr. 3 i Austmarka. Leigeavtalen vert inngått for 20 år med høve til forlenging. Årleg leigesum vert sett til kr 250,- dei første 10 åra og kr 300,- dei siste 10 åra av leigeavtalen. Ordføraren får fullmakt til å skriva under endeleg leigeavtale.*

Formannskapet gjorde følgende vedtak:

*Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.*

Vedtaket om løyve til bygging av kai vart gitt ved vedtak av 01.02.05. I vedtaket er det presisert følgende:

*Det vert vist til avtale mellom Radøy kommune og Inge Landsvik, datert 21.09.1994.  
Dersom avtalen ikkje vert forlenga skal kai og flytebryggje fjernast og området ryddast innan 2015.*

Ferdigattest på brygga vart gitt 17.11.06 .

Friarealet det gjeld er brattlendt, og delar av det er berre tilgjengeleg over den aktuelle tomte.

**Vurdering**

Det aktuelle leigearialet som eigar av gnr 79, bnr 42 no ynskjer å leiga vidare, har status som friområde.

Etter plan- og bygningslova sine bestemmelsar i § 11-7 og § 12-5 er det under hovudformålet grøntstruktur høve til å bruka underformålet friområde. Dette formålet vert brukt for å fastleggja grøne areal til allmenn bruk og opphald.

Kommunen som grunneigar har råderetten over friområdet, men kan ikkje gjera tiltak i område som vil vera i strid med arealbruksformålet.

*Illustrasjon tilkomst*



*Illustrasjon kai*



Når det slik som her vert etablert tilkomstveg og bryggje på friområdet er det rimeleg å tru at folk flest vil vegra seg for å gå inn på området.

Leigeavtalen gjekk ut i 2014 og det er her derfor i realiteten ikkje eit spørsmål om å forlengje avtalen men å vidareføre ei ordning ved å fornye avtalen. Det vil vera rimeleg å spørja om ei vidareføring av avtalen er rett i høve til skjerpa myndigheitskrav og ikkje minst likeprinsippet. Det er lite truleg at etableringar på friområdet i denne skala vil kunne få dei nødvendige godkjenningar i dag. Kommunen vil gjennom ei fornying av avtalen leggje til rette for bruk som er i strid med med planen og på den måten undergrava kommunen sin rolle som forvaltar av planverket. Byggjeforbodet i strandsona er i seinare år vesentleg stramma inn, sist i 2009.

Ved ei vidareføring av leigeavtalen vil kommunen også godkjenna privatisering av strandsona. Ein kan heller ikkje utelukka at andre i området også ynskjer tilsvarande løysing og at kommunen set seg sjølv i ein vanskeleg situasjon ved å godkjenna ei vidareføring av avtalen.

### **Konklusjon**

Radøy kommune kan som grunneigar kombinert med rolla ansvarleg mynde etter plan og bygningslova vanskeleg gå inn på ein fornying av avtale som her er omsøkt.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune forlengar ikkje leigeavtalen på gnr 79, bnr 42 Søre Austmarka 81. Området må ryddast så langt dette rimeleg lar seg gjera etter nærare avtale og i samråd med teknisk drift.

### **Vedlegg:**

20170825092133

Søknad om forlenga leigeavtale - gbnr 7942

Brev frå EiendomsmeglerVest (L)(137123)

Leigeavtale (L)(137124)

Ferdigattest frå 2006 (L)(137125)

Gnr 7942 Tjore NedreLandsvik - Søknad om løyve til tiltak - Brygge mflytekai - Søre Austmarka - Godkjenning. (L)(202788)



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/1642	17/10090

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Vedlegg:

Brannsamarbeid i bergensregion - status

Brannsamarbeid og kommunesammenslåing

Informasjon om Jordbruksavtalen 2017 til kommunene i Hordaland

Nordhordland Revisjon IKS – referat styremøte 6\_juni 2017

Nordhordland Revisjon IKS \_ møteutskrift 28.08.17

Vest politidistrikt \_Orientering om tenestetilbodet i kommunane

Skatt på formue og inntekt\_fylkesmannn i Hordaland

Skatt på eiga og inntekt - kommunane i Hordaland

Vannscooter\_kjøring\_brev frå Norsk Friluftsliv

Budsjettbrev \_ fylkesmannen i Hordaland

Eigarmøte Etablerarsenteret og Invest in Bergen\_Referat 160617

Invest in Bergen\_presentasjon\_eigarmøte juni 2017

Informasjonsbrev til kommunane om prosjektet Heilskapleg forvaltning av landskapet\_Nordhordland  
Utviklingselskap IKS

Heilskapleg forvaltning av landskapet\_Prosjekt Nordhordland 2017